

Vestlandsrådet

Til: AU Vestlandsrådet

Frå: avdelingsdirektør Bård Sandal, VLFK

Notat vedr. alternative prosessar knytt til rekruttering prosjektleiar næringsstrategi for Vestlandet

Bakgrunn: Vestlandsrådet (VR) beslutta i 2022 å rekruttere ein prosjektleiar i eit 3-årig engasjement knytt til oppfølging og realisering av vedteken «næringsstrategi for Vestlandet». Gjennom ein rekrutteringsprosess vart Karen Følgesvold Bratset ansatt, med oppstartsdato 1.oktober 2022. Ho var organisatorisk knytt til Rogaland fylkeskommune i linja til fylkesdirektør. Karen Følgesvold Bratset har no sagt opp stillinga med 14 dagars oppseiingstid og er no slutta i stillinga.

Administrasjonen vurderer at å ivareta ei slik rolle på tvers av tre fylker, tre politiske leiingar, tre fagadministrasjonar og opp mot sekretariatet i VR, er ein krevande struktur å arbeide i grenseflatene mot. Så det vert anbefalt at før ein konkluderer på modell for å erstatte Følgesvold Bratset, vert det gjort ei kort evaluering av den perioden som har gått og vurdering av kva som må til for å ev. lykkast betre ved ei nyrekruttering.

Dersom VR på nytt ynskjer å engasjere ressursar inn i arbeidet med oppfølging av Næringsstrategien for Vestlandet», så ser administrasjonen for seg tre moglege modellar:

1. Lyse ut på nytt etter eit 3-årig engasjement.
2. Vurdere om der er ein/fleire ressursar i dei tre næringsadministrasjonane som kan kjøpast fri til å ivareta denne rolla.
3. Kjøp av ressursar frå ein ekstern aktør/organisasjon som er habil og kompetent til å ivareta ei prosjektleiarrolle på veggen av VR.

Vurdering av dei tre alternativa:

1. Lyse ut på nytt etter eit 3-årig engasjement.
Som sagt over er det å bli engasjert for å ivareta ei slik rolle på tvers av tre fylker, tre politiske leiingar, tre fagadministrasjonar og opp mot sekretariatet i VR, ein krevande struktur å arbeide i grenseflatene mot. Så vert konklusjonen å lyse ut rolla på nytt bør det gjerast ei kort evaluering av den perioden som har gått og vurdering av kva som må til for å ev. lykkast betre ved ei nyrekruttering.

2. Vurdere om der er ein/fleire ressursar i dei tre næringsadministrasjonane som kan kjøpast fri til å ivareta denne rolla:

For å få grunnlag til å vurdere dette hadde dei tre nærings sjefane i dei tre fylka tirsdag 3.januar eit digitalt møte. Tilbakemeldinga frå dei tre er at der ikkje per no er ledige og relevante ressursar som kan gå inn i denne rolla. Men vert dette ei bestilling frå AU, så må ein eventuelt saman sjå nærare på og vurdere kva ressursar som har relevant kompetanse og som ein kan arbeide mot å få fristilt inn i rolla.

3. Kjøp av ressursar frå ein ekstern organisasjon som er habil og kompetent til å ivareta ei prosjektleiarrolle på vegen av VR:

Her må ein vurdere om lov om offentleg anskaffing slår inn, og at ein då må legge eit oppdrag av denne størrelse og med ein tidshorisomt på tre år ut på anbod. Operatør for eit slikt oppdrag kan alternativt både være eit relevant konsulentbyrå eller ein relevant organisasjon. Når «næringsstrategien for Vestlandet» vart utarbeidd i 2021, var oppdraget ute på anbod, og det var PWC som vann dette og arbeidde saman med fylkeskommunane og ei arbeidsgruppe med eksterne næringsrepresentantar frå dei tre fylka i utarbeidinga av strategien. Av organisasjonar kan det trekkast fram fleire, men skal vi spesielt trekke fram ein, så vil «Initiativ Vest» kunne vurderast som ein relevant partner - <https://www.initiativvest.no/>. Med utgangspunkt i det geografiske området Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland har «Initiativ Vest» etablert seg som ei uavhengig tankesmie som skal bidra til samfunnsutviklinga på Vestlandet. Initiativ Vest er organisert som ei allmennyttig stifting. Tankesmia har eit styre bestående av ti personar frå næringsliv, akademia og øvrig samfunnsliv på Vestlandet, sjå <https://www.initiativvest.no/om-oss/styret/>. Stiftinga mottek støtte av Agenda Vestlandet. Styreleiar er Geir Inge Lunde, som var ein sentral person i arbeidsgruppa som vart etablert i samband med utarbeidinga av «næringsstrategien for Vestlandet». Initiativ Vest skal:

- Vere ein leverandør av konkrete løysingar for realisering av Vestlandet sitt potensial, som nøkkel for omstillinga av Norge.
- Fremje ny kunnskap og innsikt om regionen sitt bidrag til norsk økonomi og global verdiskaping.
- Skape møteplassar for å skape alliansar på tvers av næringar, klynger, geografi og kompetanseområder.
- Bidra til kunnskapsbaserte samfunnsdebattar og politiske avgjersler basert på verdiskaping og ringverknader.
- Utfordre etablerte oppfatningar om verdiskaping og maktstrukturar.
- ynleggjere regionen si nøkkelrolle i Noregs bidrag til løysinga av klima-utfordringane gjennom produksjon av bærekraftig mat, fornybar energi og ein bærekraftig maritim sektor.

Initiativ Vest har i dag to tilsette som ivaretek dette oppdraget, saman med styret. Det er i samband med dette notatet ikkje vore kontakt med Initiativ Vest for å forespørre om prosjektleiing for næringsstrategien er ei rolle dei eventuelt kunne ta på vegen av Vestlandsrådet.